

27. NOV. 1967

landbruksrettsapp

Skyldskifte

27.7.2021

NR. 9b



landbruksrettsapp
1773
Laurdag den 7 oktober 1967 heldt me underskrivne, som er oppnemnte av lensmannen, skyldskifte på garden Tveite øvre

gnr. 27 br. nr. 1 med skyld mark 1,02 i Lindås herad.
Kjell Bjørnevoll

har kravt skyldskifte og har grunnboksheimel til eigedomen.¹⁾

Oppnemninga av skyldskiftemennene ligg ved. Dei har gjeve skjønsmannslovnad så nær som²⁾ alle.

Ved tenesta møte

Av partane³⁾ Kjøper: Kjell Bjørnevoll.

Kjøper: Sverre Løttveit.

Av grannane³⁾ Uturvande å varsla.

Til formann vart vald Ivar Fønnestad.

Opplysningar om den/det part/partar av eigedomen som er fråskild:

1. Vidd: Dyrka jord dekar, naturleg eng og kulturbette dekar, produktiv skog dekar, anna vidde 0,7 dekar — i alt 0,7 dekar.

2. Grensene⁴⁾ til den/dei fråskilde part/partar:

Parcellen ligg på innmark, i Gjere aust for vegen mellom - Fønnestad, og

1 merkeslina tek til i kross i berg i nordaustre hjørne av parcellen og går i nordvestleg retning 17,- m. til merkestein. Her frå går

2 merkeslina i vestleg retning 19,80 m. til kross i berg.

Her frå går

¹⁾ Utan at den som har kravt skyldskifte har grunnboksheimel, eller det er sagt dom for at han eig den fråskilde eigedomen, kan ikkje skyldskiftet godtakast til tinglysing. (§ 1 i lov om skyldskifte.)

²⁾ Er det nokon av skyldskiftemennene som ikkje har gjeve slik lovnad som er nemnt i § 20 i lov nr. 1 frå 1917, skal han før tenesta tek til, skriva under ei fråsegn med denne ordlyden: «Eg lovar at eg i alle saker vil gjera tenesta mi som skjønsmann samvitsfullt og etter beste overtyding den 19..... (underskrift). Denne fråsegna skal sendast til sorensskrivaren saman med skyldskiftedokumenta.

³⁾ Er det nokon av grannane eller partane i skyldskiftet som ikkje møter, må ein her skriva om det er prova at dei er varsla. Like eins om dei er grannar ein har funne det uturvande å varsla (§§ 2 og 8 i skyldskiftelova).

⁴⁾ Sjå §§ 3 og 8 i skyldskiftelova. Ein skal ikkje skriva grensene mot granneeigedomen utan at eigaren er til stades og samtykkjer i det som vart skriva.

Har nokon av partane kravt at skyldskiftemennene skal avgjera sjølve målestilet, samstundes med skyldskiftet, (§ 7 i lova), må dei her skriva det som trengst. Det må ikkje skjøpast bruksrett eller servitut i skyldskiftet, utan at heftet er vedteke skriftleg av den som har grunnboksheimel til den eigedomen heftet gjeld (§ 5 i lova).

merkeslina i sørleg retning 34,40 m. til kross i berg.

Her frå går

4. merkeslina i austleg retning 17,30 m. til kross i berg.

Her frå går

5. merkeslina i nordaustleg retning 14,- til kross i berg,

her frå går merkeslina meir austleg 17,- m. til første
lina sitt utgangspunkt.

I Gjerdehalde kviler på parsellen.

II Parsellen har rett på stolpegrunn for lys og telefon på
hovudbruket.

III Parsellen har rett (i samråd med eigaren av hovudbruket)
på brønn og vassleidning på ein lagleg stad.

IV Parsellen får rett til nytta ubemarkta veien til hovudbruket.
Frå denne får parsellen rett å arbeida opp veg 3,- m. brei
etter den gamle køyrevegen langs vestre grensa til par. 19
og gjennom "Middagskaret". Veien skal parselleeigarane og
hovudbruket arbeida opp i fellesskap og hovudbruket har
rett til og nytta veien.

Per Arne *Jørn Kjetil*

1. Gjeld delinga eigedom som vert nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skog-
bruk?¹⁾ Nei

2. Finn skylddelingsmennene det godt gjort at den parsellen som no vert fråskilt
eigedommen skal nyttast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon?²⁾
Nei

3. Kva rettar eller gode som høyrer eigedommen til kjem inn under delinga?³⁾

¹⁾ jfr. § 55 i lov av 18. mars 1955 om tilskiping av jordbruk (jordlova).

²⁾ jfr. § 54 (jordlova).

³⁾ jfr. § 55 (jordlova).